

LINDÅS KOMMUNE

RETNINGSLINER FOR KOMMUNAL STØTTE (KULTURMIDLAR) TIL FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

§1 Generelt

DEI FRIVILLIGE ORGANISASJONANE ER EIN AV LINDÅS KOMMUNE SINE VIKTIGASTE RESSURSAR FOR Å NÅ KULTURPOLITISKE MÅL.

Lindås kommune sin visjon:

"Der draumar blir røyndom"

Verdiar:

"Framtidsretta, inkluderande, tenestevillig, kvalitetsbevisst"

Kulturplanen si overordna målsetnad for kultur og idrett er:

- Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet.
- Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast.
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg.

§2 Støtte til kulturarbeid har som målsetnad:

- å styrkja fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet.
- å stimulera til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfold
- å gje alle høve til å oppleva kunst og kultur

§3 Prioriterte gruppe; aktivitetar og samarbeidsprosjekt som retter seg mot og/eller inkluderer

- funksjonshemma,
- barn og ungdom
 - flyktningar/innvandrargar

- eldre

vil verta prioritert ved tildeling av kulturmidlane.

§4 Kommunal støtte til frivillige organisasjonar og einskildpersonar vert tildelt innan programområda:

- Idrett
- Kulturvern og samlingar
- Kunstformidling & musikk
- Barn – og unge
- Andre kulturaktivitetar

§5 For å ha rett til tilskot må dei frivillige organisasjonane og einskildpersonane innfri følgjande krav:

- ha kontinuitet (etter oppstart, over år) i si kulturverksemd
- at eit kvart tiltak/arrangement i utgangspunktet er ope for alle.
- dokumentere ikkje-kommersialitet (as/ans/stiftingar ol.) i form av vedtekter.

Regionale/fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerka verksemd i Lindås kommune, og det ikkje finst lokallag for å ivareta denne verksemda. Det er ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer busett i Lindås kommune.

§6 Sakshandsaming

Om organisasjonar og einskildpersonar søker tilskot frå fleire av støtteordningane må det fremjast separate søknader.

Tilskotet er avhengig av dei årlege kommunale budsjett, og kan difor ikkje av organisjonslivet forvente å følgje prisstigning, eller på anna måte oppfattast som ei fast inntektskjelde organisasjonane har krav på. Tilskotsramma vert fordelt av Levekårsutvalet kvart år.

Tildeling av kulturmidlar vert gjort kjend i pressa og på sosiale medier tidleg på nyåret. I tillegg vert retningslinene, søknadsskjema og kopi av annonsen tilgjengelege på www.Lindas.kommune.no og i resepsjonen på Rådhuset. **SØKNADSFRISTANE MÅ OVERHALDAST.**

Ein person vert rekna med i gruppa barn og unge til og med det året han/ho fyller 20 år.

Det vert sett krav til ein minimumskontingent for vaksne på kr. 100,- og for barn og unge kr. 50,-. Dette gjeld alle frivillige organisasjonar som søker kulturmidlar.

Eining for kultur og aktivitet foretar prioritering og forslag til tildeling i samhøve til innkomne søknader, vedtekne kulturpolitiske målsettingar og gjeldande retningsliner. Idrettsrådet og kulturrådet i kommunen er høyringsorgan. Tildelinga vert foretatt av Levekårsutvalet.

Det kan klagast på vedtaket jfr. Forvalningslova §8 andre ledd, til organ over vedtaksorgan, i første omgang Lindås kommunestyre.

Klagefrist er 3 veker. Klage skal sendast til Lindås kommune, Kultur- og aktivitetseininga, 5914 Isdalstø

TILSKOTSTYPAR

§7 DRIFTSTILSKOT

Tilskotet skal dekka driftsutgifter som administrasjon, lokaleige o.l.

Søknad skal fremjast på eige skjema, og i tillegg innehalda:

- Årsrapport, gjeld ikkje nystarta organisasjonar.
- Ein samanfatta revidert rekneskap der administrasjonsutgifter er spesifiserte, gjeld ikkje nystarta organisasjonar.
- Handlingsplan og budsjett for komande års aktivitetar, gjeld også nystarta organisasjonar.
- Medlemsoversikt, gjeld også nystarta organisasjonar.

I hovudsak vert det ytt ein del av søkeren sine totale driftsutgifter.

SØKNADSFRIST 15. MARS

§8 AKTIVITETS- OG PROSJEKTSTILSKOT

Tilskot vert gjeve til lokale tiltak/prosjekt som

- underskotsgaranti
- samarbeidsprosjekt
- kompetansehevande tiltak

Søknaden skal innehalda

- ei skildring av tiltaket/prosjektet
- budsjettforslag
- finansieringsplan

Tiltaka/prosjekta må primært vera avslutta innan utgangen av søkerdsåret. Tilskotet må betala **st** attende om tiltaket ikkje vert realisert innan 6 månader etter første løyving eller etter spesiell avtale.

SØKNADSFRIST 15. MARS MED RESTTILDELING 01. SEPTEMBER

§9 TILSKOT TIL DRIFT/INVESTERINGAR I BYGG/ANLEGG OG TIL UTSTYR.

Tilskotet vert gjeve til;

- investeringar i eigne kulturbygg og anlegg
- drift av eigne kulturbygg og anlegg
- kjøp av utstyr og materiell

Søknaden skal innehalda

- oversikt over organisasjonen sin aktivitet
- grunngjeving for investeringar/kjøp av utstyr
- siste års rekneskap
- budsjett
- finansieringsplan

Midlane vert utbetalt etter fullført investering.

SØKNADSFRIST 15. MARS

§10 Desse retningslinene og kriteria er vedteke av Levekårsutvalet 21.01.14 sak 08/14 og trer i kraft frå 01.02.14

Spørsmål om kulturmidlane, kontakt Kultur- og aktivitetseininga

- Tlf 56 37 50 00
- E-post: postmottak@lindas.kommune.no
- Adresse: Lindås kommune, Kultur- og aktivitetseininga, 5914 Isdalstø

=====